

Ungdomsklubbar aukar tilbodet

16.01.2012



**Ungdomsklubbane i Rosendal og Uskedalen
legg om drifta for å gje eit breiare tilbod til ungdomane.
Desse to ungdomsklubbane samarbeider for å gje
brukarane eit betre tilbod som rusfri
samlingsplass fire kveldar i veka.**



Uskedalen Ungdomsklubb, som held til i loftetasjen i Gamleskulen, seinker aldersgrensa til fylte 12-år for å nå eit breiare publikum på tirsdagane.

I samarbeid med Rosendal Ungdomsklubb, som ligg under distriktstannlegetenesta sine lokal i Rosendal, er tilbodet til ungdomane auka til tre klubbkveldar i veka, no også med fredagsopne klubbkveldar. Rosendal ungdomsklubb har framleis 8-klasse som aldersgrense, etter ungdomane sitt eige ønskje.

Auka satsing på ungdomsklubbane er ein langsigting strategi frå Kulturkontoret, Kvinnherad kommune si side, for å gje ungdomane eit betre rusfritt og trygt fritidstilbod.

Det nye i denne omgong er å tilpasse naturlege svingningar gjennom året, ved å leggja inn ekstra ressursar i vinterhalvåret på bemanningssituasjonen, og redusera tilsvarande i sommarhalvåret, då behovet er mindre.

Ungdomsklubbane i Rosendal og Uskedalen er drifta i samarbeid med Kvinnherad Ungdomssenter på Husnes. Ungdomssenteret er kommunalt drifta sidan 1991, og har stilt med ungdomsleiar, lokaler og driftsbudsjett til ungdomsklubbane i Rosendal og Uskedalen sidan 1998.

Begge desse er private ungdomsklubbar, der ungdomane sjølv avgjer gjennom allmannamøter innhald og prioriteringar i klubbane. For å ivareta sikkerheit og kontinuitet i klubbane, er det same ungdomsleiar på vakt i Rosendal og Uskedalen heile tida.

Tekst og foto: Geir Remme

Bileta i denne reportasjen er frå klubben i Uskedalen

